

Basar og spennande konsert.

04.04.2018



Denne flotte gjengen held konsert saman med musikkvennene sine i Rosendal skulekorps.

Søndag kl.15 kan vi oppleva basar kombinert med konsert frå skulekorps i toppform i Aktivitetshuset i Uskedalen. Då skal nemleg Uskedal skulemusikk ha sin årvisse basar. Dei frammøtte får også høyra programmet som Rosendal skulekorps og Uskedal skulemusikk skal spela under Hordablaesten i Grieghallen helga etterpå.



Frå basaren sist sesong. Masse godt!!

I samband med deltakinga i Hordablæsten har dei to korpsa slått seg saman til eit korps for å delta i denne korpskonkurransen som er det største musikkarrangementet i sitt slag i Hordaland med rundt 2500 deltakarar. Korpset er truleg i svært god form, for konserten avsluttar ei veke med intens oppkjøring med fellesøvingar tirsdag og torsdag og seminar i Omvikdalen frå fredag til søndag. Vi gler oss verkeleg til å høyra dei framføra programmet sitt.

På programmet til Hordablæsten har dei fire nummer, Pedal Pusher, Vuggesang(SVoR), Triangle Tarantella og Groovulation. Den siste er forøvrig arrangert av Sebastian L. Torjussen som har mange år bak seg i Rosendal skulekorps.

Det er Linas Dakinevicius og Tor Skeie Olsen som er dirigentar for dei to korpsa.

I tillegg til korpset kan det også hende at vi får høre musikkframføringer av nokre av dei 6 flinke aspirantane som er elevar hos Linas i kulturskulen dette året.

Hege Lekva som står i brodden for basararrangementet fortel at det som vanleg vert mange fine gevinstar til åresalet, kaffi og gode kaker. Kaffien og kakene er til og med gratis. Dermed vert det nok god stemning rundt borda i Aktivitetshuset denne søndags ettermiddagen slik det alltid pleier å vera på desse arrangementa. Som tidlegare vert det ikkje loddosal på bygda på førehand til denne basaren.

Det vert garantert ei kjekk stund, og vi håpar mange møter fram for å høre dei unge, flinke musikarane i toppform!



Ein av mange fornøgde basarvinnarar sist!(Foto: Nils Klyve)

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland